

Kjellaren i Gamleskulen rustast opp

06.09.2012



Inngangen til kjellaren blir flytta til andre sida av huset

**Styret i Uskedalen Utvikling, som eig Gamleskulen, ynskjer ein totalkostnad over kva det vil kosta å renovera kjellaren.
Under siste styremøte la Kjell Magne Haugland fram ei skisse
og orienterte om prosjektet og til neste møte 5. oktober skal det leggjast
fram eit overslag.**

I fyrste byggjesteget skal ein støype golv med varme, leggja isopor og plast. Armering, rør og uttak av stein står og på arbeidslista. Inngangen til kjellaren vil bli flytta til andre sida av huset - altså til sida som vender mot Rabben.

Styreleiar Kristian Bringedal opplyser til uskedalen.no at det førebels ikkje er bestemt noko om kva kjellaren skal nyttast til.
Heller ikkje skissa som føreligg antyder noko bestemt føremål.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen